



Åmli kommune

Pleie- og omsorg

SERVICEERKLÆRING MATOMBRINGING

(Helse og omsorgstenesteloven § 1.1 og § 3.1)

MÅLSETTING:

- Bu lengst mogleg i eigen heim
- Tenesta er eit tilbod som skal bidra til eit variert og tilstrekkeleg kosthald, og forebygge under- eller feilernæring

KVEN KAN SØKE?

Alle som oppheld seg i kommunen og som har behov for nødvendig hjelp til ernæring

- Personar som mottok heimesjukepleie
- Personar som er kartlagt og vurdert til å ha eit ernæringsbehov
- Personar som ikkje lengre greier å ordne seg middag, eller kan varme seg middag på grunn av helseutfordringar

NÅR ER DET AKTUELT Å SØKE PÅ MATOMBRINGING?

- Personar som har behov for middag levert av heimesjukepleia, skal kartleggast før tildeling
- Kartlegginga gjerast av heimesjukepleia i samråd med fastlegen, det nyttast et eige kartleggingsskjema
- Behovet kartleggast av heimesjukepleia etter alder, fysisk utfordring, ernæring og andre omsyn som bør vektleggast
- Det må føreliggje ernæringsutfordringar for å få middag levert av heimesjukepleia. Det leggast stor vekt på underernæring

KVA KOSTAR TENESTA?

- Matombringing er gratis
- Ein betaler for middag etter faktura frå Åmli kommune, for pris, sjekk kommunens heimeside

KVA KAN BRUKAREN FORVENTA AV KOMMUNEN?

- Du vil få middag produsert på storkjøkken ved Åmli pleie- og omsorgssenter



Åmli kommune

Pleie- og omsorg

- Du vil få eit variert kosthald etter meny
- Du bestiller middag via kjøkkenet for utlevering same veke
- Du får middagen levert heim

KVA FORVENTAR KOMMUNEN AV BRUKAREN?

- Du har mikrobølgeovn som kan varme opp maten
- Du er heime til avtalt tid for å ta imot middagen
- Du avbestiller seinast kl 12.00 dagen før, viss ikkje må du betale for middagen
- Dersom du ikkje er heime ved utlevering av middag, vil middagen bli returnert. Du må likevel betale for denne.

TENESTEN OMFATTER IKKJE:

- Handleteneste
- Oppvarming i gryte
- Sosialt selskap / ete saman

KORLEIS GÅ FRAM FOR Å SØKE PÅ MATOMBRINGING?

Du søkar på tenesta sjølv, eller nokon søkar på vegne av deg t.d. sjukehuset eller pårørande. Det finnst eige [søknadsskjema](#) til dette på kommunens heimeside og søknaden sendast til tenestekontoret.

- Tenestekontoret kontaktar deg for eit kartleggingsbesøk, vurderer og tildeler tenesta
- Sjå [tildelingskriteria](#) på kommunens heimeside
- Du kan klage på tildelt teneste, dersom du ikkje er nøgd

KONTAKTINFORMASJON:

Tenestekontor:

E-post tjenestekontor@amli.kommune.no

Telefon [90 13 59 98](tel:90135998)